



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Teknisk utval	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Teknisk, miljø og landbruk			Thomas Skår	
Avgjerslemynde:		Arkivnr.:	17/997	Klassering:	

Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Masfjorden kommune

Masfjorden kommune gjer vedtak om godkjenning av lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg av 12.11.2021 med heimel i forvaltningslova § 37.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Teknisk utval gjorde vedtak på at det skulle verte igangsatt arbeid med lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Masfjorden kommune i møte 06.11.2017 under sak 024/2017. Det vart i møte 21.09.2021 under saknr 013/2021 vedteke å sende forslag til lokal forskrift på høyring.

Høyring

Forslag til lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg vart sendt på høyring til fylgjande regionale/statlege etatar 28.09.2021: Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Kystverket, Fiskarlaget Vest og Fiskeridirektoratet.

Forskrifta vart også sendt på offentleg høyring, publisert i Strilen fulldistribusjon 05.10.2021 med frist for å kome med merknader satt til 05.11.21. Dokumenta vart også lagt ut på Masfjorden kommune si heimeside.

Kommunen har mottatt utale frå Kystverket, Statsforvaltaren i Vestland og frå Fiskarlaget Vest som er knytt til saksframlegget. Desse merknadane er drøfta på neste side.

Fakta

Grunngjeving for å starte opp arbeid med å utarbeide lokal forskrift er for å oppnå dei måla som er satt i Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021. Lokal forskrift er heimla i Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningslova) § 9 jf. Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 12-6, og Lov om behandling i forvaltningssaker § 37.

Lokal forskrift vil gjere at kommunen får god rutine for å handtere utsleppssaker, men også for å stå juridisk og fagleg sterkare i denne delen av forvaltninga.

Masfjorden kommune handsamar i dag søknadar om utslepp av sanitært avlaupsvatn etter forurensingsforskrifta kapittel 12. Ved å vedta eiga forskrift, vil utslepp verte tilpassa tilhøva i kommunen.

I merknad frå *Statsforvaltaren i Vestland* datert 02.11.2021 vurderer Statsforvaltaren at den faglege innhaldet i forskrifta stort sett vert vurdert som god. Statsforvaltaren sine merknader går i hovudsak på forslag til klargjering av tekst og strukturforslag til forskrifta.

Rådmannen vurderer forslag til klargjering av tekst og strukturforslag til forskrifta som hensiktsmessig og tilrår til at forskrifta vert justert i samsvar med innkomen merknad.

Merknad frå *Kystverket* datert 01.11.2021 går ut på at dei gjer kommunen merksam på at etablering av leidningar i sjø er søknadspliktig etter hamne- og farvasslova § 14.

Rådmannen tar merknad til orientering.

I merknad frå *Fiskarlaget Vest* datert 05.11.2021 seier dei at det er viktig å ha eit heilheitleg syn på samla utslepp i områda og sjå større område under eitt. Dei skriv vidare at det må bli teke omsyn til matsikkerheit og dermed ikkje leggje til rette for utslepp tett opp mot viktige fiskeområde. I tillegg skriv fiskarlaget at utsleppleidningar må utformast/leggjast slik at fiskereidskap ikkje heftar. Det vert også vist til forskrift for kommunane på Jæren, og ber om at noko liknande vert teke med i Masfjorden kommune si forskrift: «Det må tas hensyn til fiskeriinteresser ved utslippsledning i sjø. Utslippsledningen må ikke legges nært opp til fiskeplasser eller kaste- og låssettingsplasser. Ledningene bør utformes slik at fiskeredskaper ikke kan henge seg fast.»

Rådmannen vurderer at merknad frå Fiskarlaget Vest bør leggjast til grunn og tilrår at omsyn til fiskeinteresser ved utsleppsledning i sjø vert ivareteke ved at kommunen legg tilsvarande formulering som kommunane på Jæren brukar, i forskrifta.

Vurdering

Kommunen har gjort enkelte justeringa på forslag til lokal forskrift frå mindre avlaupsanlegg i samsvar med merknadane som kom inn i høyringsrunden. Kommunen vurderer at endringane som vert gjort samla sett ikkje vert rekna som så vesentleg at det gjev grunn til å sende forskrifta ut på ny høyring. Endringane som er gjort er av meir strukturell karakter og klargjering av tekst.

Kommunen vurderer at forskrifta kan sendast til kommunestyret for godkjenning.

Konklusjon

Masfjorden kommune gjer vedtak om godkjenning av lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg av 12.11.2021 med heimel i forvaltningslova § 37.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
-------	------	------	--------------------------

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost